

Fra: Sigbjørn Linga (linga@hf.no)
Sendt: 26.08.2016 10:30:19
Til: Dokumentsenteret - Postmottak
Kopi:

Emne: Re: Innsyn Kvammapakken - innsynskrav frå HF

Vedlegg:
Hei.

Takk for tilbakemelding.

Diverre forvirra svaret meg litt. Det vert opplyst at dokumenta ikkje er journalførte, men at dei samstundes er unnatekne offentleg innsyn etter § 14, 1. ledd, i offentleglova, altså som interne dokument. Sistnemnde tilseier at dei er journalførte, men etter mitt syn kan ein ikkje unnta dokument leverte av ein konsulent til fylkeskommunen som interne. Eg treng ei oppklaring.

Med venleg helsing
redaktør Sigbjørn Linga
Hordaland Folkeblad, Norheimsund
Tlf. 415 66 112
linga@hf.no

25. aug. 2016 kl. 14.02 skrev Dokumentsenteret - Postmottak <dokumentsenteret@hfk.no>:

Fra: Bente Utne
Sendt: 25. august 2016 13:20
Til: Dokumentsenteret - Postmottak <dokumentsenteret@hfk.no>
Kopi: Håkon Rasmussen <Hakon.Rasmussen@hfk.no>; John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>; Matti Torgersen <Matti.Torgersen@hfk.no>; Knut Djuve <Knut.Djuve@hfk.no>
Emne: VS: Innsyn Kvammapakken - innsynskrav frå HF

Svar til Hordaland folkeblad frå samferdselsavdelinga:

1) Avtalen med Helge Hopen: Arbeidet med Kvammapakken er avrop på inngått rammeavtale med HFK. Kopi av avropet følger vedlagt. Kontrakten er ført på sak 2016/1920 HFK-15-0372 0372 Rammeavtale på transportfagleg plan- og utgreiingsarbeid.

2) Førebelse leveransar frå Helge Hopen:

Desse er unnateke offentleggjering etter offentleglova § 14, 1. ledd. HFK vurderar leveransane så langt som utkast som har vore presentert i møte, og er ein del av arbeidet med å få fram ein samferdselsplan for Kvam, som grunnlag for ein framtidig eventuell bompengesøknad. Dermed er leveransane/orienteringane frå Helge Hopen ikkje journalført.

Helge Hopen vil presentera sine førebelse vurderingar i formannskapsmøte i Kvam herad den 30. august 2016.

Mvh

Bente Utne
samferdselsavdelinga

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Dokumentsenteret - Postmottak
Sendt: 24. august 2016 14:44
Til: Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>
Emne: VS: Innsyn Kvammapakken

Hei, Dokumentsenteret har mottatt krav om innsyn, se epost under.
Jeg har ført henvendelsen i sak 2016/21-302, . Siden jeg ikke finner det han etterspør, lurere eg på om du vet noe om du kan komme med tips om hvor det kan ligge?

Venleg helsing

Kristine Langøy
Kultur og idrett | Fylkesarkivet | Dokumentsenteret HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Tlf: 55 37 8008
www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Sigbjørn Linga [<mailto:linga@hf.no>]
Sendt: 24. august 2016 11:52
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak <HFK@hfk.no>
Emne:

Hei!

Eg har fånytttes freista finna dokument som gjeld oppdraget Helge Hopen utfører for samferdsleavdelinga i samband med revisjon av Kvammapakken. Eg ynskjer innsyn i alle dokument i saka, herunder kontrakt/oppdragsskildring. Ingenting dukka opp i postjournalen då eg søkte på stikkord i saka.

Takk for hjelpa.

Med venleg helsing
redaktør Sigbjørn Linga
Hordaland Folkeblad, Norheimsund
Tlf. 415 66 112
linga@hf.no

<avrop april 2016.pdf>